



Møteprotokoll

Utval:	Ungdomsrådet
Møtestad:	Rådhuset, formannskapssalen
Dato:	09.06.2026
Tid:	kl 14:00 - 15:30

Faste medlemmer som møtte:

Namn:	Funksjon:	Representerer:
Ingrid Nysæter	Nestleiar utval	
Emma Sofie S. Garli	Medlem	
Heidar Logi Heimisson	Medlem	
Sophia Johanne Holmberg	Utvallsleiar	
Therese Kristin Utgård Aas	Mentor	

Forfall:	Parti	Varamedlem	Parti
Linnea Vik-Grøtting			
Svein Tore Sjørgård			

Andre som møtte:

Carolyn Urke	Einingsleiar barne- og familietenestene
Linda Nilsen Hovland	Kommunalsjef oppvekst
Silje Ramstad	Møtesekretær
Torbjørn Emblem	Kommunedirektør

Sakliste

Sak nr	Sakstittel
PS-08/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS-09/26	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
PS-10/26	Referatsaker
RS-04/26	Årsmelding 2025 - Sykkylven kommune
SP-02/26	Spørsmål til administrasjonen
PS-11/26	Tilstandsrapport for grunnskulen 2025/2026
PS-12/26	Kommunalt førebyggingsprogram for barn og unge – handlingsplan for bruk av tildelte midlar i Sykkylven kommune

08/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

09.06.2026 Ungdomsrådet

Behandling

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

UNGD - 08/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent slik dei ligg føre.

09/26 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

09.06.2026 Ungdomsrådet

Behandling

Det var ingen merknader til protokollen.

UNGD - 09/26 Vedtak:

Protokoll frå forrige møte vert godkjent slik den ligg føre.

10/26 Referatsaker

09.06.2026 Ungdomsrådet

Behandling

UNGD - 10/26 Vedtak:

Referatsaker vert tatt til vitende.

04/26 Årsmelding 2025 - Sykkylven kommune

09.06.2026 Ungdomsrådet

Behandling

Kommunedirektør Torbjørn Emblem orienterte.

UNGD - 04/26 Vedtak:

02/26 Spørsmål til administrasjonen

09.06.2026 Ungdomsrådet

Behandling

UNGD - 02/26 Vedtak:

11/26 Tilstandsrapport for grunnskulen 2025/2026

09.06.2026 Ungdomsrådet

Behandling

Kommunalsjef oppvekst Linda Nilsen Hovland orienterte og svarte på spørsmål.

Rådet diskuterte saka og vedtok samrøystes følgende tillegg til 2. punkt 2 i framlegg til vedtak:

"Kommunen bør prioritere eit eige område/møterom på ungdomsskulen for å fremme leseglede og inkludering."

UNGD - 11/26 Vedtak:

Tilråding frå ungdomsrådet:

1. Tilstandsrapport for grunnskulen 2025/2026 vert teken til vitande.

2. Følgjande område skal prioriterast det komande skuleåret:

- Trygt og godt skulemiljø med låg terskel for tiltaks- og aktivitetsplanar, og styrka samarbeid med føresette og støttetjenester.
- Språk- og lesekompetanse med systematisk språkarbeid med leseferdigheiter. Skulane skal ha særleg fokus på å vidareføre arbeidet med tilpassa opplæring i lesing og tilpassa opplæring i norsk som andrespråk. Leseferdigheiter og språkutvikling grip inn i alle fagområda. Kommunen bør prioritere eit eige område/møterom på ungdomsskulen for å fremme leseglede og inkludering.
- Inkluderande praksis og tidleg innsats; kompetanseheving og tverrfagleg oppfølging av elevar med behov for tilrettelegging.

3. Tilstandsrapporten skal leggjast fram for samarbeidsutval/FAU på dei ulike skulane ved oppstart av nytt skuleår.

12/26 Kommunalt førebyggingsprogram for barn og unge – handlingsplan for bruk av tildelte midlar i Sykkylven kommune

09.06.2026 Ungdomsrådet

Behandling

Einingsleiar barne- og familietenestene, Carolin Urke, orienterte og svara på spørsmål.

Ungdomsrådet svara på Mentimeter og diskuterte saka.

Ungdomsrådet peika på at det er viktig at ungdom kjenner til dei hjelpetilboda som finst i kommunen, som helsestasjon og helsesjukepleiar på skulen. Tilgjengelegheit og plassering av helsesjukepleiarane er også viktig for at ungdom skal tørre å oppsøke hjelp når dei treng det.

Ungdomsrådet løfta også fram behovet for fleire møteplassar og aktivitetar for ungdom, som Open storhall, fredagstreff og konsertarrangement.

Handlingsplanen skal godkjennast av ungdomsrådet hausten 2026.

UNGD - 12/26 Vedtak:

1. Ungdomsrådet tek saka til orientering.
2. Ungdomsrådet gir innspel til prioriteringar og tiltak i handlingsplan og for bruk av tilskotsmidlane.
3. Handlingsplanen skal godkjennast av Ungdomsrådet hausten 2026.